

---

Vår referanse 2021/22727-3  
Dato 29.10.2021

---

MYKINGKRYSSSET SA  
Myking  
5957 MYKING

## Fv 5464 - S2D1 - Mykingvegen i Alver kommune - Grave- og framføringsløyve for vass- og avlaupsleidning

Vi viser til søknaden dykkar av 12.10.2021.

### Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 32 og 57 vert det gjeve grave- og framføringsløyve langs fv. 5464 ved S2D1, m9134 - m9170 i Alver kommune for avlaupsleidning og vassleidning.

Vi viser til særskilde vilkår i forhold til blant anna asfaltering, vegobjekt og resten av vilkåra i samband med arbeidet.

Leidningsforskrifta av 8. oktober 2013 med seinare endringar, vert lagt til grunn for vedtaket og «Rutinar for graving og legging av leidningar» gjeld for arbeidet.

Forskrifter, rutinar og skjema kan hentast ut her:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

### Følgjande vilkår vert nemnd særskild:

- Dersom leidningsanlegg, plassert på Vestland fylkeskommune sin grunn og/eller nærare vegkant enn 3,0 meter, må flyttast på grunn av seinare vegtiltak, vil leidningseigaren bli pålagt å utføre dette for eiga rekning, jf. § 16 i leidningsforskrifta.
- Graving/boring skal berre skje etter at eksisterande kablar og leidningar er påvist.
- Graving/framføring over avkøyrsele eller anna eigedom må avklarast med grunneigar.
- Leidningseigaren er ansvarleg for all skade som måtte påførast vegområdet eller tredjemann.
- Entreprenør og ev. underentreprenørar skal ha ansvarsforsikring på minimum 150 G.
- Entreprenør som utfører arbeid på vegne av leidningseiger må tilfredsstillе krava gitt i leidningsforskrifta § 11.
- I samband med gravearbeidet er det eit krav at følgjande blir fotodokumentert: Tilstand på gravestad før arbeidet, sidefylling rundt leidningar, komprimering og komprimeringsutstyr (under arbeid i grøft osv.), fresing og fortanning av slitelag, den endelege istandsettinga av graveområdet, reetablerte vegobjekt og forsegling med bitumen.
- Vi viser til gjeldande rutinar for graving og legging av leidningar for krav til utkiling, fortanning og fresing i samband med grøft. Det skal vere utkiling på minimum 1 m på kvar side av grøfttekanten, og ein utkiling skal her ha ei djupn på minimum 0,5 m.

- De skal setje vegområdet i fullgod stand etter arbeidet. Dersom vegområdet ikkje vert sett i fullgod stand, eller det vert setningsskade i vegdekke etter arbeidet, må de ta arbeid og kostnad med reparasjon av skadane. Det skal ryddast og feiast av eventuelle ureiningar som kan ha komme i vegen grunna dykkar arbeid.
- Ein del av istandsettinga er å reetablere vegobjekt som for eksempel vegoppmerking, vegen sideareal osv. Eksisterande vegobjekt skal ikkje skadast, og skadde vegobjekt skal reetablerast.
- Ved asfaltering skal asfalten og komponentane ha same kvalitet eller betre enn dagens dekke, og all reasfaltering skal maskinleggast med asfaltutlegger og asfaltvals. Vidare skal reetableringa av asfaltdekke samsvare i tjukkleik og ha det same talet på asfaltlag. Saman med eigenkontrollskjemaet skal de sende inn leggjerapport og asfaltresept.
- Ved graving i køyrefelt skal det reasfalterast i heile køyrefeltet si breidde i høve til «Rutinar for graving og legging av leidningar». Vidare skal de alltid reasfaltere på tvers av køyrefeltet, og kantane skal bli reinskoren. Mot skoren kant og på utfrest underlag for fortanning skal de mellom gamal og ny asfalt bruke klebemiddel. De må foreta utgraving og asfaltering rundt eventuelle kummar slik dette kjem fram i «Rutinar for graving og legging av leidningar». Dersom det eksisterer ein gamal asfaltkant nærmare graveområdet enn 2 m skal de asfaltere fram til denne. Det skal asfalterast fram til og med eventuelle nærliggjande asfaltskøyter eller asfaltskadar. Ved all nyasfaltering skal det ikkje vere nivåforskjell mellom gamalt og nytt asfaltdekke, og kravet til nivåforskjell gjeld også mellom kum og nytt asfaltdekke. Asfaltskøyt mellom nytt og gamalt asfaltdekke skal alltid bli forseгла med bitumen.
- Veggrøft og skråning skal bli reetablert med same utforming som dagens situasjon. Vidare skal ikkje grøfta få ein dårlegare funksjon i forhold til dagens situasjon som følge av dykkar arbeid.
- Det skal vere mogleg å passere gravestaden for alle trafikantar.
- Vegen sitt drenering- og overvassystem må ikkje verte skada.
- Stikkrenne og kulvert i vegområde skal ikkje bli skada.
- Tiltakshavar har ansvar for å undersøkje eventuelle fornminne, naturreservat eller andre slags vern i forbindelse med det komande gravearbeidet. Vidare vil vi minne om at de er ansvarleg for å ha løyve frå rette vedkomne knytt til andre fagområde, forhold eller partar før de sett i gang gravearbeidet.
- Mogleg ulempe for leidningsanlegget ved fylkeskommunen sin seinare vedlikehalds/reparasjons- og utbetningsarbeid, er fylkeskommunen uvedkommande. Det kan ikkje seinare gjerast gjeldande erstatningskrav overfor fylkeskommunen for skadar og ulemper som er påført innretninga grunna nærleik til vegen.
- Leidningen skal leggjast med overdekning på minst 80 cm jf. leidningsforskrifta § 5.
- Leidningseiger er ansvarleg for å gjennomføre ei kartlegging blant andre leidningseigarar for koordinering og samkøyring av graveprosjektet, og for å informere om moglegheitene til å leggje røyr medan arbeidet går føre seg. Dette gjeld framføringstrasear for legging av tele- og datakablar, fjernvarmeleidningar, vatn- og avlaupsleidningar, etc. som er lengre enn 40 meter og/eller som kryssar ein veg.
- Det må sendast søknad om arbeidsvarsling til Statens vegvesen i god tid før arbeidet er tenkt starta. Kopi av dette løyvet skal leggjast ved søknaden. Skriv saksnummeret vårt og gyldigheitsdato for dette løyvet i arbeidsvarslingsplanen de sender til Statens vegvesen for godkjenning.
- Dersom gravearbeidet og/eller istandsettinga ikkje blir utført i samsvar med våre vilkår eller slik det er avtala med fylkeskommunens representant, kan fylkeskommunen utføre arbeidet for utførande entreprenørs/leidningseigars rekning.

- Alle kablar og røyr, i kryssingar og langsgåande trasear som går på veggrunn, skal målast inn i høve til SOSI-standarden. Innmålingane skal sendast Vestland fylkeskommune på SOSI-filar.
- Skjema for eigenkontroll med bilete før, under og etter arbeidet skal sendast inn til Vestland fylkeskommune. Dette skjemaet må sendast til oss seinast 14 dagar etter at arbeidet er avslutta. Garantitida startar først når eigenkontrollskjemaet er motteke.
- Gravearbeidet må vere avslutta innan 31.03.2022.
- Garantitida vert sett til 5 år.

Innmålingsdata og eigenkontrollskjema med vedlegg skal sendast: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)  
Hugs å vise til vårt saksnummer: 2021/22727.

### Klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland  
senioringeniør

Marita Onarheim Rong  
ingeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Entreprenørens egenkontroll ved arbeid i offentlig veg
- 2 Gravemelding Objektspeifikasjon
- 3 Prinsippskisse asfaltering etter gravearbeid

Kopi til:

BØVÅGEN MASKINSTASJON  
DA

RAMUDDEN AS

Hvamveien 2